



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sunde Resirk AS, avd. Kaupanger
Utladalen Industrifelt
6884 Øvre Årdal

Leikanger, 10.10.2017

Dykkar ref.:
Rolf Vidar Bentås

Vår ref. (oppgi ved svar):
10/15497
Sakshandsamar:
Gøsta Hagenlund

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Sunde Resirk – avd. Kaupanger

Kontrollnummer: 2017.009.I.FMSF

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Rolf Vidar Bentås

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:
Gøsta Hagenlund
Eline Orheim

Andre deltakarar frå verksemda:
Trude Gjeremo Nessestrand
Hans Arne Vikheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Sunde Resirk AS, avd. Kaupanger den 26.09.2017. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avdekka 1 avvik og ga 4 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda har ikkje ei oppdatert risikoanalyse og kan ikkje leggje fram oppdaterte akseptkriteriar for risiko eller handlingsplan for reduksjon og førebygging mot uønskete hendingar

Merknader:

- Verksemda har ikkje program for å hindre etablering eller spreiding av framande, skadelege artar
- Verksemda har ikkje fullt ut oppdatert oversikt over kompetanse eller plan for vedlikehald og aukiing av kompetansen for tilsette som handterer farleg avfall

- Verksemda har ikkje eit jamleg øvingsopplegg for akutte hendingar som kan føre til vassutslepp
- Instruks for når ein skal setje av tid til sanering av innkomne bilvrak, er ikkje i samsvar med formuleringa i løyvet

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

	Gøsta Hagenlund	Nils Erling Yndesdal
dato	kontrollør	fylkesmiljøvernsljef
10.10.2017	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Sogndal kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Sunde Resirk AS	
Organisasjonsnr.: 972 220 248	Eigd av: 995 772 604
Bransjenr. (NACE-kode): 38.320 - Sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning	

Kontrollert eining

Namn: Sunde Resirk avd. Kaupanger	Anleggsnr.: 1420.0030.01
Kommune: Sogndal	Fylke: Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Avfall - mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 17.juni 2004	Sist endra: 10. mars 2017

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Oppfølging av og forståing av vilkår i løyvet

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Sunde Resirk AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at verksemda innan **1. desember 2017** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda innan same dato sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmsfpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Gøsta Hagenlund.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 19. september 2017. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar er fastsette i ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Sunde Resirk AS betale eit gebyr på kr 14 600,- for inspeksjonen, jf. ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til ureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1. Verksemda har ikkje ei oppdatert risikoanalyse og kan ikkje leggje fram oppdaterte akseptkriteriar for risiko eller handlingsplan for reduksjon og førebygging mot uønskte hendingar

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 nr 6 og utsleppsløyvet vilkår 2.4

Kommentarar:

Risikoanalyse, fastsetjing av akseptnivå og handlingsplanar/tiltak for å redusere risiko er heilt sentralt for å kunne arbeide systematisk med reduserande og førebyggjande tiltak mot uønskte hendingar.

Informasjon

Verksemda bør vurdere å få hjelp frå firma/person med dokumentert kompetanse på vurdering av ytre miljø – forhold. Verksemda bør merke at internkontroll omfattar utarbeiding og vedlikehald av systematisk dokumentasjon frå mange tilsynsområde i tillegg til arbeidsmiljø.

Verksemda omtalar at dei har oppsyn med kummar på området og tømmer etter behov. No har dei komne fram til at kummane bør sjåast etter noko oftare og kan hende tømast oftare. Dette er eit godt døme på konkrete tiltak der verksemda viser god forståing for risikohandtering.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1. Verksemda har ikkje program for å hindre etablering eller spreiding av framande, skadelege artar

Kommentarar:

Kravet er heimla i vilkår 2.6 i utsleppsløyvet. Verksemda bør ta kontakt med botanisk fagkunnig, som på bakgrunn av ei undersøking i området kan kome med oversikt over eventuell etablering og råd om fjerning.

Merknad 2. Verksemda har ikkje fullt ut oppdatert oversikt over kompetanse eller plan for vedlikehald og auking av kompetansen for tilsette som handterer farleg avfall

Kommentarar:

Reglane om farleg avfall krev at verksemda må ha skriftleg dokumentasjon på kompetansen til den enkelte tilsette som handterer farleg avfall på vegner av Sunde Resirk. Dokumentasjonen må også omfatte plan for korleis kompetansen skal vedlikehaldast og aukast. Fylkesmannen vil merke at kursing bør gjentakast med jamne mellomrom. Særleg er dette aktuelt når det er nokre år sidan sist kursing og når regelverket vert endra – som i 2016.

Merknad 3. Verksemda har ikkje eit jamleg øvingsopplegg for akutte hendingar som kan føre til vassutslepp**Kommentarar:**

Verksemda har i vilkår 9 i utsleppsløyvet krav om å etablere og vedlikehalde beredskap mot akutt ureining og liknande, akutte hendingar der det er fare for utslepp til miljøet. Verksemda har eit øvingsopplegg for brannbekjemping, men bør også vurdere kor ofte de skal øve på andre typar uønskete, akutte hendingar (søl av væske, m.m.).

Vi observerte at verksemda mangla absorpsjonsmiddel på kontrolldagen. Vi føreset at verksemda handterer dette som eit internt avvik, og sikrar best mogleg at tilstrekkeleg mengd er på staden til ei kvar tid.

Merknad 4. Instruks for når ein skal setje av tid til sanering av innkomne bilvrak, er ikkje i samsvar med formuleringa i løyvet**Kommentarar:**

Verksemda har intern instruks om å sanere bilar når dei har motteke 50 stk. bilvrak. I vilkår 4.1 er kravet å sanere innkomne vrak innan ei veke – oftare dersom lekkasjefare. Dersom verksemda si målsetjing kan medføre at bilvrak vert ståande lenger enn ei veke, må verksemda handtere dette som avvik. Kan det vise seg at dette stadig gjentek seg, må verksemda endre rutine. Dersom de meiner vilkår 4.1 bør endre innhald – utan at risiko for miljøet vert nemneverdig forverra, må dette takast opp formelt med Fylkesmannen.

8. Andre tilhøve

Denne kontrollen vart i hovudsak varsla og gjennomført som ein gjennomgang av løyvedokumentet, siste årsrapport og oppfølginga frå førre kontroll.

Verksemda viste at dei hadde levert ein oversiktleg og god årsrapport. Vi var nøgd med omfanget, men etterspurde noko meir innhald under enkelte av tema. Verksemda vil for rapporteringa for 2016 få nytt, oppdatert skjema for avfall.

Verksemda har levert oversikt over behov for finansiell sikring omtalt vilkår 10.1.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova) med underliggjende forskrifter
- Forskrift om begrensnig av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter ureiningslova frå Fylkesmannen, siste endring datert 10.3.2017
- Årsrapport for 2016